



# DEN NORSKE KYRKJA

## Møre bispedømeråd

Justis- og beredskapsdepartementet  
Tor Saglie  
Postboks 8005 Dep  
0030 OSLO

Dato: 10.09.2012

Vår ref: 12/534-2 TJO

Dykkar ref:

### Rapporten frå 22. juli-kommisjonen - høyring

Møre bispedømeråd og Møre biskop mottok kopi av høyringsbrevet frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, med oppmoding om å gi eigen uttale til rapporten. Høyringsfristen er kort – og vi har derfor ikkje hatt høve til å konferere med tilsette i kyrkjelydane før vi gir vårt svar.

1. Vi vil først av alt understreke at rapporten har stor verdi med sin grundige og ærlige gjennomgang av offentlige instansar si rolle etter terroranslaget mot regjeringskvartalet og AUF-leiren på Utøya.
2. Dernest ynskjer vi å gi uttrykk for at Fylkesmannen i Møre og Romsdal var raskt ute og etablerte kontakt med Møre biskop og leiinga i DnK i Møre. Det er ein låg terskel for å ta kontakt begge vegar – noko som viste seg særleg verdifullt etter terroranslaget 22.juli.  
Biskopen i Møre deltok på den aller første samlinga for pårørande og overlevande som Det norske Arbeiderparti i Møre og Romsdal inviterte til i Bjørnsonhuset i Molde like etter hendingane. Biskopen var også sentral i minnemarkeringa under Molde jazzfestival 24. juli.
3. Slik Oslo domkyrkje fekk ein sentral plass som samlingsstad og symbol for den kollektive sorga og minnemarkeringa, vart også mange av dei lokale kyrkjene i Møre sentrale symbol både for å uttrykke sorg, medkjensle og fellesskap med dei etterlatte. Vi meiner erfaringane frå denne katastrofen understrekar at DnK og dei andre livssynssamfunna kan spele ei sentral rolle for å skape samhald og gi håp og livsmot midt i krisa.

Med helsing

Bjørn Olav Storhaug  
Stiftsdirektør

Tore Johan Øvstebø  
Rådgivevar diakoni og samfunnsspørsmål  
Direkte innval: 71250685

Kopi til:  
Matvik  
Fylkesberedskapssjef i Møre  
og Romsdal  
Kyrkjerådet

Postboks 799  
Sentrum

0106 OSLO